Alalcomenaeus

Alalcomenaeus er ei utdøydd leddyrslekt frå under- og mellomkambrium. Slekta inneheld éi art; *Alalcomenaeus cambricus Simonetta*. Dyret kunne verta opp mot 6 cm langt og hadde eit halvsirkelforma hovudskjold, 12 kroppledd og ei padleåreaktig halevifte (telson). Det første beinparet var utvikla som såkalla «great appendages» (to store kloberande «bein» fremst på hovudet) med berre eitt langt «følehorn» i motsetnad til Actaeus som hadde tre følehorn. Slekta vert gruppert med andre kambriske arthropodar som òg har slike store første beinpar, som *Anomalocaris* og *Opabinia*. Denne gruppa er truleg i slekt med Arachnomorpha (edderkoppar, skorpionar og dolkhalar). Dei er kjend i meir enn 600 eksemplar frå den mellomkambriske Burgess Shale i British Columbia i Canada, men òg frå Utah i USA og Chenjiang i Kina.

Alalcomenaeus

Systematikk

Rike:	Dyr Animalia
Underrike:	Bilaterale dyr Bilateria
Infrarike:	Protostomia
Overrekkje:	Ecdysozoa
Rekkje:	Leddyr Arthropoda
Klasse:	Megacheira
Familie:	Alalcomeneidae
Slekt:	†***Alalcomenaeus***

Kjelder

- «Alalcomenaeus» (https://snl.no/Alalcomenaeus), *Store norske leksikon*, 10. mai 2012, henta 17. juli 2016

Henta frå «https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Alalcomenaeus&oldid=3251902»

Denne sida vart sist endra den 5. juli 2020 kl. 11:54.

All tekst er tilgjengeleg under Creative Commons-lisensen Namngjeving/Del på same vilkåra. Sjå Vilkår for detaljar.